

## Tenk trafiksikkerheit - klipp hekk og buskar



Kjære huseigar.  
Nå er du nok nøydd til å klippa hekk  
og buskar



**Klipping av hekkar, buskar og tre for betre sikkerheit for alle.**


Bilda viser forskjellen før og etter klipp av hekk og kva ein høg hekk kan skjula av viktig informasjon for trafikken.

## Tenk trafiksikkerheit - klipp hekk og buskar

Gjerde, hekk, buskar og gjenstandar på eigdommen din kan gje dårlege siktforhold og skjula barn og andre trafikantar for køyretøy og sykklistar.


Hekk, buskar og jerde langs eigdommen må ikkje vera høgare enn 50 cm i siktsoner ved vegkryss og utkøyrsel. eig eller disponerer du ein eigedom med utkøyrsel til veg eller gang- og sykkelveg? Då har du ansvar for å sørga for fri sikt ved din utkøyrsel.

### Når bustadveg munnar ut i samleveg




Høgde på hekk og gjerde må ikkje overstiga 50 cm over gateplan. Hekk og gjerde kan også flyttast utanfor frisiktsona, merka med raud stipla strek. Det må vera fri sikt 10 meter i bustadveg. I samleveg må det vera fri sikt 30, 60 eller 75 meter, avhengig av fartsgrensa.

### Når avkøyrse munnar ut i samleveg




Høgde på hekk og gjerde må ikkje overstiga 50 cm over gateplan. Hekk og gjerde kan også flyttast utanfor frisiktsona, merka med raud stipla strek. Det må vera fri sikt 4 meter i avkøyrse. I samleveg må det vera fri sikt 24, 60 eller 75 meter, avhengig av fartsgrensa.

## Når utkøyrsel munner ut i bustadveg i tettbygd strøk



Det må vera fri sikt 2 meter på inn på utkøyrsel. I bustadveg med fartsgrense på 30 km/t må det vera 5 meter fri sikt.


**Alternativ 1:**  
Høydegrense  
0,5 meter



**Alternativ 2:**  
Flytting av  
gjerde/hekk

Viss utkøyrsele din krysser gang- og sykkelveg må høgde på hekk og gjerde ikkje overstiga 0,5 mter over gateplan i frisisiktsona.

Det må vera 3 meter fri sikt inn på utkøyrsele. Det betyr at når du står 3 meter inn i utkøyrsele din skal du kunna sjå midten på gang- og sykkelvege 30 meter til kvar side.



Grunneigar har ansvar etter både nabolova (§§ 2, 9, 10 og 12) og veglova (§§ 31 og 43) å ikkje hindra trafikkbildet i fastsette siktsoner eller langs nabogrense mot veg. Kommunen kan påleggja at hinder vert fjerna. I ytterste fall kan hinder fjernast på grunneiga si rekning.

Forholdet gjeld (x)

- Beplanting stikk for langt ut i vegen
- Sikta i utkjørselen er for dårleg
- Beplanting i siktzone skal vera maks 50 cm høg

Eigar av eigedom med adresse:

---

Forholdet nemnd ovanfor må rettast innan: \_\_\_\_\_

Har du spørsmål kan du kontakta Time kommune på telefon 51 77 60 00 eller på e-post [service@time.kommune.no](mailto:service@time.kommune.no).



**Time kommune**

Postboks 38 ● 4349 Bryne ● Tlf. 51 77 60 00 ● [www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)